



Unge lovande musikantar treng di hjelp til å verta endå betre. (Foto: Thor Inge Døssland)

Like sikkert som at det er kakemenn å få kjøpt i butikkane i førjulstida, er det at skulemusikantane kjem rundt og sel lodd på det årvisse førjulslotteriet. Slik blir det også i år. Torsdag frå kl.17 og utover vert dei fordelt på bygda, og då er målet at alle husstandane i Uskedalen skal få vitjing av dei unge loddseljarane. Det er mange fine gevinstar på lista, og tradisjonen tru er det julemat som dominerer. Etter loddsalet samlast dei flinke loddseljarane i skulen, og då har dei sosial samling med pizza og saft.

Det er Gerd Ingunn Bauge som er hovudansvarleg for lotteriet dette året, og ho fortel at det er ei sikker og god inntektskjelde som går til drifta av skulekorpset.

- Men kvifor sender de musikantane som loddseljarar? Ville de ikkje selt meir lodd om de brukte foreldra? spør vi.

- For at ta det siste først så er eg ganske sikker på at det ikkje er tilfelle. Det er nok ikkje avgjerande kven som sel lodd. Bygdefolket støttar svært godt opp om korpset uavhengig av dette, - fortel lotterisjefen.

Ho seier vidare at det er fleire grunnar til at det er musikantane som er rundt på bygda og sel lodd. – For det første er det viktig at dei får kjennskap til, og får vera med på denne delen av lagsdrifta. Dessutan er det mange av dei som likar loddseljarjobben. Dei vert svært godt mottekne. Dei får mange gode tilbakemeldingar og mykje ros som går på at dei har ein flott hobby, og at dei er viktige i bygdelivet. – Foreldregruppa har også oppgåver denne kvelden. Nokre er sjåførar, og andre hjelper til på kjøkkenet.

Vi tenkjer på mangel på kontantar i desse korttider, og spør om det er eit problem for loddkjøparane.

- Nei, vanlegvis ikkje, og når vi gjer det kjent på førehand, plar dei fleste ha kontantane klare når loddseljarane kjem, - er svaret frå Gerd Ingunn. Ho fortel vidare at dersom nokon ikkje skulle vera heime når loddseljarane kjem på døra, er det likevel råd å skaffa seg lodd. Det vil bli lagt ut loddbøker på dei vanlege stadene. Dessutan vil det sitja loddseljarar på Spar ein dag eller to. Til sist vil det verta selt lodd under julemarknaden 1.desember.

- Når vert så lotteriet trekt?

- Det har kvart år vorte trekt på den tradisjonelle grautfesten i skulekorpset. I år vert denne avvikla i samband med julemarknaden. Så trekkingsdatoen er altså 1.desember. Alle vinnarar vert kontakta, og vinnarlista vert hengt opp på dei ulike salgsstadene. – Gerd Ingunn føler seg sikker på eit godt resultat også i år, og ho ber oss om å få med ei stor takk til bygdefolket for den gode støtta dei viser når det gjeld skulekorpset.

Av Thor Inge Døssland

